

## RENOVERING AV KJØKKEN I U.L.VON SITT HUS - BEHOVSOPPGÅVE

Ungdomslaget Von er eit bygdelag med samfunnshus på Tveit som i år har runda 110 år. I løpet av ett år er huset i bruk over 100 ganger. Dette er både arr i vår eigen regi men også utleige er med her. Det å kunne få pussa opp kjøkkenet, vil ha stor betydning for oss. Det vil lette på det arbeidet vi gjer pr dags dato i huset. Det vil bli større og ein vil få ein bedre oversikt på kjøkkenet. Ift HMS og dei krav som er i dag vil det få eit betydelig løft, da ein får bedre skilt rein sone, mat sone og installert eigen håndvask.

Huset vårt fungerer som eit kulturhus gjennom at vi har eit tilbud for alle aldrer. Formiddagstreff for heimeværende mødre som ønsker å ha ein plass å samlast. Fritidsklubb for alderen 1 - 4 klasse og 5 - 7 klasse. Videre inviteres det til skravlekvelder annakvar veke for dei som ønsker dette. Her kjem damer i alle aldrer for å møtes og snakke. Nokon har med handarbeid, andre vil berre snakke. Videre blir kjøkkenet brukt til kystsogedagane og det forarbeidet som trengs før eit slikt arr. Vi inviterer også bygda til å ta del i juletreff og andre arr som laget steller i stand. Kulturstaffetten er også eit arr som vert gjennomført i laget sitt hus. Her kjem folk fra heile kommunen innom for å høyre på barn og unge som går på kulturskolen. Dei kan kjøpe mat i kafeen som laget steller i stand. Kvart år står også 17.mai på dagsorden. Her er også kjøkkenet mykje nytta forberedelser og utføring av oppgaver som må gjerast i forbindelsen med denne dagen.

Vi har også eindel ønsker etter at dette prosjektet er ferdig. Det å kunne laga til matkurs for bygdas innbyggere hadde vert kjekt. Fått på plass ein kurshalder som kan inspirert barn, unge og voksne til å ville lage mat. Og da er det viktig at kjøkkenet er optimalt for å kunne gjennomføre dette. Og ikkje minst HMS ift utforming av eit kjøkken. Vi ønsker også å gjennomføre kino og konserter i huset. Også i desse forbindelsene er det viktig at vi kan stå fram med eit gjennomført, velutstyrt og sikkert kjøkken.

Vi ser virkelig betydningen og verdien av det å kunne rusta opp eit slitt og gammalt kjøkken. Det vil kunne ha stor invirkning på det vidare arbeidet vi ønsker å gjere i huset. Vi håper vi blir tatt i betraktning og at vi kan få hjelp på veien til å få finansiert dette prosjektet.

Mvh

---

Beathe Andersen  
formann i ungdomslaget Von